



Harald Kaspar Mellingen  
Radøyvegen 2735  
5937 BØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/7987 - 21/88437

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
02.01.2022

## Søknaden om forlenging av flytebrygge vert avvist - gbnr 424/13 Bø

**Administrativt vedtak.**      **Saknr: 001/22**  
**Tiltakshavar:**              Vigdis og Harald Mellingen  
**Søknadstype:**                Søknad om løyve til tiltak

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4, vert søknad om forlenging av eksisterande flytebrygge på gbnr 424/13 avvist. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om forlenging av eksisterande flytebrygge på gbnr 424/13 med 24 meter og 15 plassar slik det går fram av søknad journalført mottatt 15.09.2021.

Kommunen beklagar sein tilbakemelding i saka og dei ulemper det har medført.

### Planstatus

Tiltaket ligg i uregulert område innanfor område som i kommunedelplanen for Radøy er avsett til småbåthamn. Tiltaket har krav om utarbeiding av reguleringsplan, jf. føresegn. 2.1 i planen.

## **VURDERING:**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Det er ikkje send inn situasjonsplan og teikningar over tiltaket.
2. Det er ikkje dokumentert at tiltaket er nabovarsla. (Eigar av gbnr 424/87 har send merknad til tiltaket til kommunen)
3. Tiltaket er i samsvar med arealføremålet, men er ikkje omfatta av unntaket frå kravet om reguleringsplan i føresegn 3.5.3. Tiltaket krev utarbeiding av reguleringsplan. Det er ikkje søkt om dispensasjon.
4. Tiltaket krev søknad og løyve etter §§ 20-1 og 20-2, dvs. at tiltaket krev bruk av ansvarlege føretak. Heimelshavar kan ikkje stå som søker.
5. Det er ikkje gjort greie for tilkomst og parkering.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

Vi oppmodar søker til å be om førehandskonferanse før eventuell innsending av ny søknad. Kommunen vil då rettleia i forhold til rammer og føresetnadar for tiltaket. Skjema for innsending av førespurnad finn de på kommunen sine heimesider.

## **Regelverk**

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Harald Kaspar Mellingen

Radøyvegen  
2735

5937

BØVÅGEN

Vigdís Helle Mellingen

Radøyvegen  
2735

5937

BØVÅGEN